



Vidar Koløy og forloveden Renate Natås foran M/V Norne. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Mange uskedelinger er heime på påskeferie om dagen, men berre ein har lagt til i heimbygda med ein 93 meter lang båt. Styrmann Vidar Koløy (27) frå Korsnes gjorde det skjærtorsdag ved djupvasskaia på Børnes.

Det skjedde med den sjølløssande bulkbåten M/V Norne på 4.750 dødvect-tonn, som er arbeidsplassen hans. Båten er undervegs frå Yara i Glomfjord til Sjursøya i Oslo med ei last gjødning og ferda går vidare første påskedag.

Det er ikkje kvar dag Børneskaia får besøk av så store båtar og enda sjeldnare er det at båtane som legg til der seglar under Gibraltar-flagg. Det gjer Norne, sjølv om båten tilhøyrer rederiet Sandfrakt i Ølen.

Han vart bygt i 1996 og kjøpt frå Holland i 2004. Båten fraktar mangt og mykje, frå containerar og koks til sand og stein rundt i heile Nord-Europa. Mannskapet består av åtte mann – to nordmenn, fire russarar og to polakkar. Kokken er frå Polen, men han kan laga både komla og kjøttkaker!



Ein Gibraltar-registrert båt er ikkje dagleg kost på Børnes. (Foto: Ola Matti Mathisen) .



M/V Norne ruvar ved Børnes-kaia. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Vidar har som så mange andre på våre kantar sjømannsyirket i blodet. Bestefaren frå Halsnøy var om bord på frakteskip og faren har vore både på frakteskip og ferjer.

Uskedalingen har vore ansatt i Ølen-rederiet heilt sidan han gjekk til sjøs i 1999, med unnatak av eitt år på tankbåt, som ikkje gav meirsmak. Styrmann vart han då han var 24, men då på ein annan frakteskip. Arbeidsrutinen hans er fire veker til sjøs og fire veker i land – nærare bestemt på Korsnes der han bur saman med forloveden Renate Natås. Ho jobbar i Dønhaug gardsbarnehage.

Skipperen på Norne heiter Malvin Matre. Han er frå Sandeid men bur i Haugesund saman med kona Inger Eide, som er frå Halsnøy. Framfor denne påska var situasjonen slik at båten ikkje kunne få lossa i Oslo før tysdag over påske og då var det nærliggjande både for skippar og styrmann å satsa på ein stutt påskeferie ein stad på Vestlandet. Skipperen planla ein liten ferie på Halsnøy.

Uskedalen var eit fristande alternativ og heller ikkje "hamnebas" Ivar Kåre Døssland i kommunen hadde noko i mot det. Men det skjedde overraskande nok ikkje utan komplikasjonar: Då Malvin og Vidar skulle leggja til, var straumen så sterk at det tok 80 minuttar å få båten inn til kaia. Sjølv skipperen hadde ikkje opplevd maken. Båten måtte leggjast med baugen mot Husnes og det var ikkje planen.

- Eg trivst svært godt på denne båten. Eg gler meg til å komma heim, men også til å komma ombord att, seier Vidar. Nokon spesiell dramatik har han ikkje vore ute for med Norne sjølv om det har hendt at dei har søkt inn i smulare farvatn når stormkasta har vorte for kraftige. Det skjedde seinast i januar utanfor Jæren.

Vidar er optimistisk også av ein annan grunn: - Det har aldri vore betre tider for bulk-marknaden enn no, slår han fast.

Av Ola Matti Mathisen



Vidar på arbeidsplassen sin saman med Renate. (Foto: Ola Matti Mathisen)